

Soknerådsmøte i Moster sokneråd tysdag 06.12.2022

Desse møtte: Gunnvald Bjotveit, Per Harald Gjerde, Marta Fauskanger Ekberg, Christian Kallevåg-Bjerke, Elin Taranger, Camilla Rubach, Gerda Bondø og Aksel Lygre

Sak 97 – 2022 Godkjenning av møtebok frå 15.11.22 og innkalling.

Møtebok: Stryk det om søknadsfrist i sak 87. Møtebok elles godkjend.
Innkalling godkjend, med tillegg av sak 105 og 106.

Sak 98 – 2022 Oppfølging av tidlegare saker.

*** Evaluering av Lys Vaken**

Veldig fint, og gode tilbakemeldingar på opplegget. Låg terskel.

*** Evaluering av lysmesse.**

Godt førebudde konfirmantar og godt gjennomført.

***Kurs for nye medarbeidarar på lyd og bilete. Rekruttering av nye medarbeidarar.**

Sjå sak 16 og 17 i februar-møte. Kvar står sakene? Me ser fram til at miksepulten er på plass, så me kan få gjennomført kurs.

***Søknad om støtte til 150-årsjubileet frå SR-bank:**

Kvar står saka? Kven utgjer arbeidsgruppa me gjorde vedtak om? Marta og Elin tek ansvaret saman.

***Støtte til matkassar for frivilligsentralen.**

5000 er bevilga + offer julekonserten. Facebooksida er laga til. Del gjerne, og lik.

***Soknerådsva 2023. Kvar står saka? Valnemnda er i rute. Om lag 100 personar skal spørjast.**

Sak 99 – 2022 Konsert og julegudstenester – praktiske førebuingar.

Vedtak: Soknerådet ynskjer program for konserten med oversikt over oppgåver til sokneråd og kyrkjevert. På julegudstenestene er kyrkjevertar, lyd og bilete på plass. Kyrkjevertane syter for to parkeringsvakter til kvar gudsteneste.

Sak 100 – 2022 Korleis kan me auka engasjementet i trusopplæringa?

Soknerådet utsette saka frå førre soknerådsmøte. AU meiner at spørsmålet bør presiserast: Korleis skaffa fleire involverte? Stikkord: Forkynna, spørja, be? Andre moment?

Vedtak: Soknerådet vil involvere fleire i trusopplæringsarbeidet ved å spørje, be, forkynne, leggje ut på facebook, og å ha korte og gripande innlegg under kunngjeringar på ei høveleg gudsteneste. Det kan også vere tema på ein av temakveldane.

Sak 101 – 2022 Årsmøte og årsmelding.

Årsmøte vert 16.mars etter kort undervising på temakveld. Årsmelding med rekneskap må vera klar til trykking etter korrekturlesing i møte 21. februar. Neste soknerådsmøte er etter årsmøte. Forslag til evaluering av satsingsområde og nye satsingsområde bør vera klart til 24.januar.

Vedtak: Soknerådet bed Camilla og Aksel å evaluere og kome med forslag til nye satsingsområde. Frist: 24. januar. Me bed soknepresten om å minne dei andre bidragsytarane om å levere stoff i frå sitt fagområde innan før første møte soknerådsmøte i januar.

Sak 102 – 2022 Årleg takke-annonse i Bømlo-nytt til medarbeidarar og kyrkjelyd.

Kven tek ansvar for denne? Korleis bør utforminga av annonse vere i år? Gunnvald Bjotveit legg fram eit forslag.

Vedtak: Forslaget var svært godt, og vart vedtatt.

Sak 103 – 2022 Samling med tilsette, stab og frivillige.

Kva dato, kven inviterer vi, kva serverer me og korleis legg vi det opp? AU føreslår å endra dato for møtet frå tysdag 24.01 til 23.01.

Vedtak: Datoen vert 23.01.23. Kl. 18.00-19.30: Soknerådsmøte, og kl. 19.30: Samling.

Matoppgåver vart fordelte, og det vart bestemt kven som skal kome kl. 16.30 for å lage til.

Soknepresten inviterer dei me vart samde om.

Sak 104 – 2022 Store kyrkjekaffiar til våren

Tårnagentgudstenesta den 19. februar

Sak 105 – 2022 Ekstraordinært soknerådsmøte for bispeval

Møtet vert måndag den 02.01.23 kl. 18.00 Soknerådsmedlemmene vert oppfordra til å lese seg opp på bispekandidatane.

Sak 106 – 2022 Referat og meldingar

Orgelkomiteen: Er i rute etter justert plan.

Trusopplæringsutvalet: Har vore opptatt med å rekruttere nye medarbeidarar.

Diakoniutvalet: Har delt ut blomar. Skal delta på arbeidet med matkassane

Jubileumsbok-komiteen: Har fått 20 000 kr. frå Finnås kraftlag

Estlandskomiteen: Aksel fekk medalje for langt og trufast samarbeid med kyrkja i Estland. Ventar besøk til våren, og sommarleir i august i Estland.

Straumkrise.

Nyttårsmottaking hos prosten 8.januar 14:30 i Nysæter kyrkje.

Frå fellesråd og administrasjon. Møte førstkomande onsdag. Mykje smalhans.

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre.

Per Harald Gjerde

Skrivar